

Frå: Samnanger høgre

Til: Kommunestyret Samnanger kommune

Sak: Nasjoanal transportplan - Tilskot til Fylkeskommunale vegar

I samband med framlegging Nasjonal transportplan (NTP) kom det eit framlegg til opprusting, velikehald og utbetring av fylkeskommunale veger frå Regjeringa. Kort fortalt, vil Regjeringa finansiera 50 % til dette arbeidet, dersom fylka set av tilsvarande midlar. Det bør i denne samanheng nemnas at midlar til dette formålet kan kombineras og supplerast med rassikringsmidlar og midlar til trafikksikring. Midlane er nasjonale, og for at nokre av midlane skal koma vår region til gode, er prioritering viktig!

Samnanger Høgre har, i godt samarbeid med Bjørnafjorden Høgre vorte einige om å prioritera FV 137 Hisdal – Os, og har meldt dette inn til våre representantar som sit i Fylkestinget. Det er fleire årsaker til dette:

- Vegen er ein trafikkert veg som tener næringsinteresser i begge kommunane
- Samnanger kommune har legevakt i Os. Fakta er, at det med dagens veg, er tilnærma like snart å kjøyra til Bergen Legevakt i Solheimsvik
- Helgetrafikken er høg og vert nyttta av personar som skal til fritisdseigedomar i Hardanger og Voss
- Vegen er ein viktig omkjøringsveg ved stenging/problem E16 Arna – Trengereid
- Vegen vert meir viktig som omkjøringsveg for reisande frå Samnanger (+ Kvam, Vaksdal, Fusafjord) til Bergen Sør når ny E39 Svegatjønn – Rådal er ferdig i 2022
- Vegen er einaste «interne» ferjefrievag i Bjørnafjorden kommune
- Utbetingar av vegen må omfatta:
  - Trangaste parti frå Hisdal til Trengreidfjord og Sagen - Industriområde Rovlsvåg i Samnanger kommune – Ca 800 meter totalt
  - Lønningdal – Haugsdalen i Bjørnafjorden kommune
    - Det er her verdt å merkja seg at me ikkje snakkar om «gul stripe» og to-felts veg – utbeting og velikehald er det me snakkar om!

Samnanger Høgre fremjar følgjande forslag til Kommunestyret i Samnanger kommune:

1. Samnanger kommunestyre støttar forslaget om å prioritera FV 137 og ber Samnanger kommune mælda dette inn som prioritering til Vestland Fylkeskommune
2. Samnanger Høgre oppmodar alle andre parti i Samnanger med representantar i Fylkestinget om å prioritera denne vegstrekninga

Rødne 13. April 2021

Arild Røen

Leiar Samnanger Høgre